

Årsmøte i Voss Idrottsråd

SAKLISTE:

- 1. Godkjenne dei frammøtte representantane**
- 2. Godkjenne innkallinga og saklista**
- 3. Velje møteleiar, skrivar og 2 representantar til å skrive under protokollen**
- 4. Årsmelding**
- 5. Rekneskap og budsjett**
- 6. Forslag til handlingplan**
- 7. Innkomne forslag og saker**
- 8. Val**

- 9. Velje representantar til idrettskretstinget eller la styret velje kandidatar.**

Styret har vore:

Leiar: Erik Blindheim

Nestleiar: Nils Een

Kasserer og webansvarlig: Inge A. Lirhus

Sekretær: Terje Græe

Styremedlem: Ingvill K. Bidne

Styremedlem: Bent Kvamme

Vara: Borghild Ure

Vara: Gunn Marit Bergstrøm

Det nye styret i Voss idrottsråd overtok leiinga i mai 2014 då det måtte omframte årsmøte til for å få vald ein leiar.

Årsmelding

Voss Idrottsrådet har hatt 6 styremøte denne perioden. Eit av møta var et samarbeidsmøte med Voss kommune som var representert med Gunhild Ukvitne og Nils Helge Kvamme. MKU var representert med nestleiar Anne J. Møen.

Voss idrottsråd har i perioden vore representert i mange fora for påpeike kor viktig det er å leggja til rette for fysisk aktivitet i Voss kommune både gjennom den organiserte og uorganiserte idretten. Me har sett det som viktig å påpeike overfor kommunen kor viktig det er at dei opprettheld og vidareutviklar anlegg som legger til rette for fysisk aktivitet. Voss idrottsråd har fått med i forslag til ny kulturplan at det skal vera gratis for ungdom under 18 år og trenar i kommunale anlegg.

Voss Idrottsråd har 46 medlemmar og fekk eit driftstilskot frå Voss Kommune på kr. 15000. MKU har overført kr.55000 til Idrottsrådet.

Voss Idrottsråd forvaltar Edvard B. Hegbom sitt minnefond. 17 mai i 2014 fekk Tore Bryn frå Voss skiskytterlag heidersprisen og Jan Ruben Sleen frå Brann fekk utøvarprisen.

Arbeidsoppgåver:

Ingvill Bidne Knapstad har vore idrottsrådet sin representant i brukarrådet for sentralidrettsanlegget. Ho har og vore til stades som Idrottsrådets representant på møter om utbygging av nye Voss gymnas og derav berøring av sentralidrettsanlegget.

Borghild Ure har deltekje i komiteen for Sparebanken sin eldsjelpris.

Nils Een har vore vår representant i arbeidsgruppa for Voss kommune sin nye kulturplan.

Voss idrottsråd har vore i to referanse grupper representert ved Erik Blindheim og Inge A. Lirhus. Utbyggjing av Bømoen der me samen med IL Viljar, Voss IL og Bømoløypa har arbeidd for å oppretthalde både Bømoløypa og generelt Bømoen som eit nærmiljøområde for fysisk aktivitet for alle aldersgrupper

Idrottsrådet har og vore med i referansegruppa for ny reguleringsplan for Prestegardslandet. Voss kommune har laga ein ny reguleringsplan for området der det er tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet for alle aldersgrupper og eit fast festivalområde. Det har vore viktig for VI at kommunen tar vedlikehaldet av anlegg og område og at dette nærområdet ikkje berre vert for ei gruppa, men for Vossingar og tilreisande i alle aldersgrupper.

Kurs og arrangement:

Voss Idrottsråd har arrangert tre kurs i denne perioden.

Sports admin på Voss vidaregående med deltakarar frå Hardanger, Voss og Vaksdal. Dette kurset var i samarbeid med HIK og NIF.

Antidoping foredrag på Voss gymnas i samarbeid med Hordaland Idrettskrets og antidoping Norge for utøvarar, trenarar og ledarar.

Ledsager kurs for blinde og svaksynte måtte dessverre avlysast på grunn av for få påmelde.

Konferanse:

Voss Idrottsråd deltok i november på idrettsrådskonferansen for Hordaland ved Inge A. Lirhus og Erik Blindheim.

Me sit igjen med inntrykk av at VI har eit godt forhold til Voss Kommune. I nokre kommunar er det ikkje eksisterande. Vil i den samanheng nemne den

gode hjelpa og samarbeidet med idrett og helse koordinator Nils Helge Kvamme. Voss idrottsråd vert godt informert, og oppmoda av Kvamme til å koma med si innstilling til saker som skal opp til politisk avgjersle. Me opplever at den skriftlege avtalen mellom kommune og idrottsråd vert fylgt godt opp.

Handlingsplan:

Voss idrottsråd skal arbeide for tilrettelegging av fysisk aktivitet i Voss kommune. Sjå til at midlar vert rettferdig fordelt og ha ein god og konstruktiv dialog med Voss kommune til det beste for idretten.

Anna kvart år skal Voss Idrottsråd arrangere eit større foredrag/ kurs.

Ha økonomi til å kjøpe fri leiar eller styremedlem for å gå på møter i arbeidstida.